



Årsmøte 2018

Torsdag 15. februar, Firda vidaregåande skule



Hovudsponsor:



Gloppen janitsjar etter spelninga i Lille sal i Olavshallen under NM for janitsjar i Trondheim .

www.gloppenjanitsjar.no

facebook.com/gloppenjanitsjar

Sakliste

1. Opning
2. Konstituering
 - Namneopprop
 - Godkjenning av innkalling
 - Godkjenning av sakliste
 - Val av møteleiar
 - Val av møtesekretær
 - Val av to til å skrive under møteprotokollen saman med møteleiar
3. Årsmelding 2017
4. Rekneskap 2017 med revisjonsmelding
5. Årsmøtesaker
6. Arbeidsplan 2018
7. Kontingent
8. Budsjett 2018
9. Val
10. Avslutning



Sett frå ein musikant sitt persepektiv, kan korpslivet sjå slik ut innimellom. (Foto: Heidi)

Innhald

Årsmelding	5
Rekneskap	10
Budsjett	10
Arbeidsplan	13
Årsmøtesaker	14
Kontingent	14
Val	15
Vedlegg:	
Gjeldande vedtekter	16
Referat årsmøtet 2016	18
Styrerepresentantar 2000-2017	19

Årsmelding



Det gode liv med Gloppen janisjar. (Foto: Hanne)

- 1) Nestleiar har sagt seg samd i og vart vald for tre år i 2016 for å kome i rute med å byte leiar og nestleiar annakart år
- 2) Til vervet som styremedlem har korpset lagt arbeidet med å vere materialforvaltar.
- 3) Det har vore praksis i lang tid (før 2002) at leiaren i musikkutvalet er første varamedlem.

Årsmøtet 2017

Årsmøtet 2017 vart halde på Firda Vidaregåande skule torsdag 9. februar 2017.

Styret

Leiar:	Martha Sundal Engeland	For to år
Nestleiar:	Ingrid Sundal Søreide	For tre år ¹
Kasserar:	Margunn A. Enebø	Attval - For to år
Sekretær:	Linda Pupe Støyva	Ikkje på val
Styremedlem ² :	Reidunn Kjörvik Førde	For to år
1. vara ³ :	Martin Eikeset Koren	For eitt år
2. vara:	Gunnar Eide	For eitt år

Musikkutval

Martin Eikeset Koren (leiar), Ole Henrik Mølmann, Trond Haugen, Dirigent

Sosialkomité

Didrik Eide, Heidi Fure Klausen, Elin Nikoline Vie

Valnemnd 2017

Hanne Lyngstad, Vigdis Henden, Olav R. Myklebust

Revisorar

Didrik Eide og Heidi Fure Klausen

Styret sitt arbeid

Styret har hatt seks ordinære styremøte og handsama 45 saker. Dei fleste sakene har dreia seg om drift og aktivitetar i laget. Ein gjengangar heile året har vore flytting av lageret. Vi har enno ikkje flytta ut frå dei «gamle» lokala, og er fortsatt på jakt etter nye. Det har vore rydda litt i sakene vi har lig-gande, men her gjenstår enno ein del arbeid med dette. Styret har samlast i samband med øving når det har vore naudsynt.

Vi gjorde eit bra NM - om vi ser vekk frå 82,5 dommarpoeng, 15. plass (av 16) og nedrykk. Sidan dette var nedrykk for andre gong på to år vart det bestemt at korpset tek ein pause frå NM-deltakinga. Ikkje berre på grunn av plasse-ringa, men og fordi det representerer relativt store utgifter både for laget og medlemmene.



Musikantar i godt selskap. (Foto: Bernt)



Pause. (Foto: Martha)

Årsmelding

Vårsesongen vart avslutta med deltaking på Korpsdag på Sandane 17. juni.

Aktiviteten i laget har vore noko lågare hausten -17 då det på førre årsmøte også vart vedteke at vi ikkje skulle vere med på Nordvesten. I staden for dette vart det arrangert ein Musikkcafé i Valhall saman med Eid Musikklag laurdag 18. november. Aktiviteten for hausten har elles har vore som det framgår av tabellen under.

Korpset har ein OK økonomi. Grunnen til at det varierer litt med kva som står på konto ved årsskiftet er at ein del store rekningar kjem rundt årsskiftet og då blir det av og til på «feil» år. Korpset og «dameklubben» jobbar godt med dei to basarane vi har, og hovudlotteriet. Det er desse tre som utgjer dei faste inntektskjeldene våre. I tillegg arrangerer vi konsertar med ulike økonomiske resultat.

Vi har bra oppdatert instrumentpark med jamt vedlikehald av instrumenta. Vi har kjøpt og teke i bruk den tredje og største pauka i samlinga. I tillegg til instruksjon, instrument og notar, er det buss og sponing av skuleelevane utgjer det meste av utgiftene for korpsskassa. Bussen kan vi ikkje få rimelegare, tusen takk til Magnar som også i 2017 køyrde oss til NM!

I løpet av året hadde korpset to urframføringar. Det er musikk komponert og arrangert av Martin Eikeset Koren, vår eminente basstrombonist. Takk også til han.

Medlemmar

Ved årsskiftet har korpset 33 medlemmar pluss dirigent. To har slutta hausten 17, og to nye starta.

Klarinett: Britt Rønnekleiv Mølmann, Geir Skagen, Hanne Lyngstad, Elisabeth Røgeberg, Solveig Tørudstad. **Bassklarinet:** Gudmar Eikenes

Saxofonar: Margunn A. Evebø, Lene Førde, Reidun Kjörvik Førde, Jorunn Kvernøvik, Didrik Eide.

Trompet/Kornett: Nils Reed, Andrea Vinsrygg Steen, Per-Helge Evebø (permisjon), Trond Haugen, Heidi Fure Klausen, Håkon Mølmann (ny)



Dei beste poengsummande frå NM fekk janitsjaren med heim frå bowlinghallen. (Foto: Heidi)



Gode hjelparar skal ein sette pris på. (Foto: Heidi)



Nokon meiner dette biletet kan gje håp om lysare tider for hornrekka. Time vil sjåvv...

(Foto: Olav)

Årsmelding

Valthorn: Eva Fitje Holme, Pernille Nedrebø, Vigdis Henden, Martha Sundal Engeland

Trombone: Bjørn Inge Solheim, Odd Hansen, Jenny Sorterup Hysing, Martin Eikeset Koren

Baryton: Olav R. Myklebust, Ingrid Sundal Søreide, Linda Pupe Støyva, Torgier Maritsson Grøneng (ny)

Tuba: Ole Henrik Mølmann, Bernt Reed, Gunnar Eide

Slagverk: Thomas Aanonlie er leigd inn frå kulturskulen, Eivind Kjørvik.

Dirigent: John Rune Ødven

Æresmedlemmar i Gloppen Janitsjar

Alf Evebø, Lars Alander, Odd Hansen, Martin Lyngstad, Nyfrid Eide og Jon G. Eide

Korpset takkar:

Sparebanken Sogn og Fjordane for ny profileringsavtale for 2018!

Korpset takkar og for dei viktige støttespelarane vi har i «dameklubben», men som har like mange menn! Dei jobbar kvar tysdag på «juleverkstaden» på Eide og lagar julenissar og julehus fortløpande. I tillegg takkar vi alle dei som leverer heimelaga vinstar både til påskebasaren og julebasaren.

John-Rune Ødven har vore vår trufaste, dyktige, behagelige og tålmodige dirigent. Dette er 11. året han dirigerer Gloppen Janitsjar. Tusen takk!

Sandane 12. januar 2017

Martha Sundal Engeland, leiar

Jorunn Kvernevik, sekretær

Ingrid Sundal Søreide, Margunn Evebø, Reidunn Kjørvik Førde
Martin Eikeset Koren, Gunnar Eide



Hausten starta med 60 års-kake. (Foto: Martha)



*Matchande då nokre av medlemene hjalp skulekorp-
sa og barnehagane til prøvetog før 17. mai. (Foto:
Geir).*



Klar for å høyre Eid musikklag under NM. (Foto: Martha)



Velfortent is- og kaffipause på Rygg 17. mai. (Foto: Geir).

Årsmelding

Speleoversikt og repertoar 2017

VÅR

21.-22. januar

Øvingshelg på Sandane

16. mars

Skulekorpbasar Hyen,
Repertoar: *Prelude, Siciliano og Rondo, New Colonial*
Eg ser deg ut for gluggen

19. mars

Skulekorpbasar på Sandane
Repertoar: *Prelude, Siciliano og Rondo, New Colonial*
Eg ser deg ut for gluggen

1. april

NM i Trondheim
Repertoar: *Prelude, Siciliano og Rondo, Eg ser deg ut for gluggen*

9. april

Påskebasar i Breim
Repertoar: *The new colonial march, Eg ser deg ut for gluggen, Rondo (Frå «Prelude, Scicilienne and Rondo»), Garden Party (fellesnummer med skulekorpset)*

4. mai

Marsjering på kveldsope på Sandane med skulekorpset sin drilltropp.

7. mai

Oppmarsj Breimstefetten
Repertoar: *The New Colonial March, Norsk turnermarsj, National Emblem*

17. mai

Tog på Sandane, Breim og Rygg.
Marsjrekkefølge: *Norge i rødt, hvitt og blått, The New Colonial March, Gammel jegermarsj, Norsk turnermarsj, National Emblem, Fagert er landet, Ja, vi elsker*

Konsert i Trivselshagen:

Våren, Ut mot havet, Army of the Nile, Nordfjordsongen

20. mai

Oppmarsj Songarstemne Sandane
Repertoar: *Norge i rødt, hvitt og blått, The new colonial march, Gammel jegermarsj, Norsk turnermarsj, National emblem, Nordfjordsongen*

17. juni

Korpsdag på Heradsplassen
Blindekarihallingen, Valdresmarsj, Våren, Betelgeuse (komp: Martin Eikeset Koren. Urframføring), Eg ser deg utfor gluggen, Watermelonman (fellesnummer), Gammel jegermarsj

Årsmelding

HAUST

24. august Fyrste øving i Aulaen
- 2.-3. september Øvingshelg i Florø
29. oktober Janitsjaren er med å spelar på Breim skulemusikk sin basar.
18. november Musikk-café i Valhall, Nordfjordeid. Samarbeid med Eid musikklag.
3. desember Førjulstreff i Aulaen
17. desember Adventskonsert i Breim kyrkje 20.00
Symphonic Prelude on Adeste Fideles, Nordnorsk julesalme, Parafrase over Deilig er den himmel blå (arr: Martin Eikeset Koren. Urframføring)
18. desember Adventskonsert i Vereide kyrkje.
Symphonic Prelude on Adeste Fideles, Nordnorsk julesalme, Parafrase over Deilig er den himmel blå, Kom no med lovsong (fellesnummer), Hosianna, Davids sønn (fellesnummer)
24. desember Speling ved aldersheimen, i sentrum, i Karnils og i Vereide kyrkje. *Repertoar: julehefte.*



Loddsalet er godt i gang på Påskebasaren. (Foto: Heidi)



Forfriskande båttur i Flora-bassenget under øvingshelga i september. (Foto: Heidi).



Rekneskap og budsjett

Inntekter	Rekneskap 2017	Rekneskap 2016	Budsjett 2018
Medlkont/Uniform/Instrumentleige	kr 29 050,00	kr 29 850,00	kr 36 000,00
Offentleg speling		kr	kr 5 000,00
Dugnad	6 400,00	kr	10 000,00
Julebasar	kr 45 325,00	kr 44 007,00	kr 45 000,00
Påskebasar	kr 46 410,00	kr 44 638,00	kr 45 000,00
Hovudlotteri	kr 60 000,00	kr 60 000,00	kr 60 000,00
17.mai speling / Buss	kr 7 535,00	kr 5 080,00	kr 8 000,00
Gåver	kr 3 000,00	kr 9 384,00	
NMF VO-midlar	kr 15 224,00	kr 12 838,00	kr 13 000,00
Norsk Tipping	kr 9 192,80	kr 9 304,29	kr 10 000,00
Sponsor	kr 10 000,00	kr 30 000,00	kr 10 000,00
Kulturmidlar	kr 10 000,00	kr 10 000,00	kr 10 000,00
MVA komp. 2016	kr 32 843,00	kr 22 446,00	kr 20 000,00
Eigenandel Øvingshelg	kr 38 645,00	kr 27 870,00	kr 35 000,00
Nordvest Meisterskapen 2016	3 680,00	kr	kr 10 000,00
NM Janitsjar 2017	kr 60 882,00	kr 109 838,00	kr
Brass Brothers konsert	kr	117 940,00	-
Skotårgalla	kr	91 826,00	
Sommarnatt ved fjorden (11.03.18)			50 000,00
Renteinntekter	kr 62,00	kr 77,00	kr 50,00
SUM INNTEKTER	kr 378 248,80	kr 625 098,29	kr 367 050,00

Sak 4 og 8

Rekneskap og budsjett

Utgifter	Rekneskap 2017	Rekneskap 2016	Budsjett 2018
Instrument	kr 40 467,75	kr 27 732,00	kr 30 000,00
Notar	kr 4 038,00	kr 4 747,00	kr 8 000,00
Uniform	kr	7 992,50	
Gåver / Blomar	kr 4 797,52	kr 6 476,70	kr 5 000,00
Husleige	kr 16 500,00	kr 17 300,00	kr 16 000,00
Instruksjon	kr 203 740,00	kr 101 870,00	kr 104 000,00
Øvingshelgar	kr 55 933,34	kr 42 216,00	kr 40 000,00
Administrasjon	kr 8 780,10	kr 11 289,80	kr 8 000,00
Hovedlotteri	kr 15 245,51	kr 17 274,38	kr 15 000,00
Påskebasar	kr 17 629,56	kr 19 069,05	kr 15 000,00
Julebasar	kr 16 065,66	kr 17 720,10	kr 18 000,00
17.mai Buss	kr 7 535,00	kr 5 080,00	kr 8 000,00
NordVest-Mesterskap 2017	kr	kr 10 712,90	kr 20 000,00
Korpstur NM 2017	kr 97 790,00	kr 163 758,00	kr
Musikkleir	kr	4 000,00	kr 5 000,00
Brass Brothers konsert	kr	78 545,00	-
Sommarnatt ved fjorden (11.03.18)		-	50 000,00
Skotårgalla 2016	kr	98 720,64	
NMF Kontingent	kr 10 935,00	kr 10 385,00	kr 10 000,00
Forsikring	kr 5 510,00	kr 5 455,00	kr 5 000,00
Årsmøte / Leiarsamling NMF	7 124,00	kr	kr 2 000,00
Diverse		kr	
Finanskostnader	kr 443,00	kr 580,00	kr 500,00
SUM UTGIFTER	kr 512 534,44	kr 650 924,07	kr 359 500,00



Golfstjernenen syner korpset korleis ein slår «closest tu pin» på avslutninga før ferien. (Foto: Heidi)



Sjøfolk i farta. (Foto: Geir).

Rekneskap og budsjett

ÅRSAVSLUTNING 2017

Inntekter	Utgifter	Underskot
kr 378 248,80	kr 512 534,44	kr 134 285,64
Bank 31.12.2017	kr 277.075,72	
Underskot 2016	kr 134 285,64	
Bank 31.12.2017	kr 142 790,08	

Gloppen Janitsjar, Sandane 1. februar 2017, Margunn Evebø, kasserar

Samandrag av nokre rekneskapstal

	Inntekt	Utgift	Netto
Påskebasar	46 410,00	17 629,56	28 780,44
Hovedlotteri	60 000,00	15 245,51	44 754,49
Julebasar	45 325,00	16 065,66	29 259,34
NM 2017	60 882,00	97 790,00	(36 908,00)
Dugnad NCT 2017	6 400,00		

Kommentarar til tala:

- Rekning husleige 2017 kr 15.200, av dette er kr 1.300 førjulstreffet. Kr 16.500 er frå 2016. Husleige førjulstreff 2016 på kr 1.300 er ført som utgift på førjulstreff i 2017.
- Instruksjon 2016 kr 101.870 er ført på rekneskapen i 2017. Det same er instruksjon for 2017 på kr 101.870
- Uteståande kontingent/øvingshelg/NM cagr 22.000
- Inntekter kr 3.680 på Nordvestmesterskap gjeld festmiddag og dans for 2016
- Rekning på leige av minibuss julafta 17 er ikkje motteke
- Rekneskapen viser at drifta går kr 134.285,64. Her må vi korrigere med kr 101.870 sidan vi no har bokført instruksjon for 2017.

REVISJONSMELDING

Rekneskapen er revidert og funnen rett.

Sandane, 8. februar 2018, Heidi Fure Klausen (sign), Didrik Eide (sign)

Arbeidsplan

2018

9. februar Konsert i Kultursalen, Gloppen kåra til Beste Kulturkommune 2017.
- 10.-11. februar Øvingshelg på Sandane. Vi øver kl 10-16 begge dagane.
- 9.-11. mars Øvingshelg på Sandane.
Konsert i Vereide kyrkje søndag kl 19:30.
Gjestedirigent:Kjetil Høidal
15. mars Skulekorpsbasar i Hyen, ca tidsbruk som ei litt lang øving.
25. mars Påskebasar i Breimshallen
21. april Vi hjelper Skulekorpset med å arrangere Nordvesten for skulekorps. Må rekne med å bruke mykje av dagen.
6. mai Breims-stafetten, spele til defilering.
- ? mai Speling på langope
17. mai kl 9:00 Barnetog på Sandane, 10:30 Tog på Breim
16:00 Hestenesøyra (eller 14 om dei ynskjer)
9. juni Minimusikkstemne på Sandane. Vi inviterer korpsa i Nordfjord til samspel og sosialt samvære. Kultursalen og Gimle er reservert
- 12.-15. juli 2018 Dugnad på Norsk country treff ein av desse dagane.
27. oktober Nordvesten 2018 i Torskangerpoll.
28. oktober Skulekorpsbasar på Breim

2019

- Mars Marsj-konsert, med opning for gjestekorps.
- Mai/juni Grendekonsert?
14. -15. juni 2019 Samarbeid mellom GJ og koret Capella Vocale frå Oberbayern i Seefeld, i nærleiken av Munchen.



Tubafolk.



Ungdomen på bakerste: «kosa oss på bakerste rad på øverste balkong med god utiskt over Luftforsvaret, og ikkje minst resultatlista».

Årsmøtesaker

Det er ikkje kome inn framlegg til årsmøtesaker.



Fellesnummer på slutten av musikkbasaren med Eid musikklag på Nordfjordeid.

Kontingent

Kontingenten i Gloppen Janitsjar vart auka i 2017. Då frå 600 kroner til 1000 kroner for vaksne medlemmer, og frå 300 kroner til 500 kroner for skuleelevar. Styret ønskjer ikkje å auke kontingenten komande år.

Framlegg til vedtak: Kontingenten i Gloppen Janitsjar vert er 1000 kroner for vaksne og 500 kroner for skuleelevar.

Val

Valnemnda si innstilling styre:

Leiar:	Marta S. Engeland	Attval
Nestleiar:	Ingrid S. Søreide	Ikkje på val, valt for 3 år
Kasserar:	Heidi Fure Klausen	Ny
Sekretær:	Jorunn Vereide Kvernevik	Ikkje på val
Styremedlem ¹ :	Reidunn Kjørvik Førde	Attval
1. vara. ² :	Martin Eikeset Koren	Attval
2. vara.:	Gunnar Eide	Attval

Valnemnda si innstilling utval:

Musikkutval

Martin Eikeset Koren (leiar)	Attval (leiar)
Ole Henrik Mølmann	Attval
Trond Haugen	Attval
Dirigent	

Sosialkomité

Didrik Eide	Attval
Heidi Fure Klausen	Attval

Valnemnda si innstilling revisorar:

Revisorar

Didrik Eide	Attval
Olav R. Myklebust	ny

Styret si innstilling til valnemnd:

Valnemnd 2019

Olav R. Myklebust	Attval
Linda Pupe Støyva	Attval
Margunn Ewebø	Ny

1) Til vervet som styremedlem har korpset lagt arbeidet med å vere materialforvaltar.

2) Det har vore praksis i lang tid (før 2002) at første vara er leiar i musikkutvalet.



Klart for påskebasar i Breimshallen. (Foto: Heidi)



Hesteskokasting på sommaravslutninga. (Foto: Heidi)

Vedtekter for Gloppen janitsjar

§1 ORGANISASJON

Gloppen Janitsjar, skipa 4. september 1986, er tilslutta Norges Musikkorps Forbund gjennom NMF region Nordvest. Gloppen Janitsjar er ei samanslåing av Sandane Hornmusikk skipa 2. november 1892, og Breim Hornmusikk skipa 22. september 1945.

§2 FORMÅL

2.1 Musikk

Ta vare på og utvikle korpsmusikk gjennom opplæring, motiverande aktivitetar og organisering. Drive tilleggsaktivitetar som ensemblespel, storband og liknande når det er interesse for det.

2.2 Sosial aktivitet

Ta vare på og utvikle korps- og organisasjonsarbeid som aktivitet.

2.3 Informasjon

Informere utad om korpset og Norges Musikkorps Forbund sine aktivitetar, fremme forståing for korpsa sine kulturelle, sosiale og oppdragande verdi.

2.4 Musikkpolitikk

Ta vare på korpset sine interesser i det lokale musikk- og kulturliv. Følgje opp dei overordna musikkpolitiske retningslinene som NMF set opp.

2.5 Arrangement

Gje musikarar, dirigentar og tillitsvalde tilbod om kurs. Arrangere og delta på konsertar, stemne/festivalar, konkurransar og andre arrangement.

2.6 Utviklingsarbeid

Utvikle og betre musikkfagleg og organisasjonsfagleg opplæring i samarbeid med skuleverket, kulturskolen, NMF og andre organisasjonar.

Ta initiativ til nødvendig organisasjonsmessig utvikling, omstilling og samarbeid med andre korps og musikklivet elles.

§3 MEDLEMSKAP

3.1 Opptak av medlemmar

Aktive amatørmusikarar og ikkje utøvande personar kan takast opp som medlemmar. Dette skjer gjennom korpssstyret.

3.2 Organisering av korpset

Korpset følgjer forbundet sine gjeldande aldersgrenser.

Utøvande medlemmar frå skulekorps kan takast opp som aspirant frå 1. august det året han/ho fyller 15 år. Medlemsplikter i aspiranttida skal oppfyllest i høve til skulekorpset.

Medlemmar kan takast opp frå 1. august det året dei fyller 16 år.

Nye medlemmer vert automatisk ført inn som medlem i NMF. Dette skal gjerast ved å bruke gjeldande NMF-skjema for medlemskap, og vert lagt inn i NMF sin medlemsbase. Er det endringar i dei registrerte opplysingane pliktar kvar einskild medlem å orientere styret om dette snarast. Det er ikkje høve til å reservere seg mot registrering.

Styremedlemer må vere medlem i NMF. Faste dirigentar og faste instruktørar skal registrerast i NMF sin database. Tvistar i samband med dette vert avgjort av regionstyret.

3.3 Føresetnader for medlemskap

a) Korpsmedlemmane må halde korpset NMF sine vedtekter, reglar og lovlege vedtak.

b) Medlemmene skal møte på øvingar, konsertar og andre oppdrag til avtala tid. Dersom eit medlem ikkje kan møte skal leiar/dirigent varslast så tidleg som råd.

c) Instrument, uniform og utstyr skal haldast i god stand. Uforsiktig behandling kan medføre økonomisk ansvar.

d) Deltaking i andre korps eller bruk av korpset sine egedelar i andre musikkaktivitetar må godkjennast av styret.

3.4 Kontingent og rapportering

Korpsåret følgjer kalenderåret. Medlemsregistrering, innrapportering til NMF og kontingentbetaling skal sendast NMF på avtala skjema/medium til gjeldande fristar. Det er ikkje høve til å reservere seg mot registrering. Korpset skal betale kontingent til NMF innan 1. februar etter tal registrerte medlemmar pr. 31. desember.

3.5 Permisjon

Styret kan gje medlemmer som søker om det permisjon frå spelning i korpset i inntil eitt år. I permisjon har medlemmet likevel dei plikter og rettar som ordinær medlem

3.6 Utmelding

Medlemmar som ynskjer å melde seg ut, må gje melding om dette til leiinga i korpset. Ved utmelding skal det samstundes skje utmelding frå NMF. Utmelding bør ikkje skje i løpet av korpset.

3.7 Suspensjon og eksklusjon

a) Medlemmar som ikkje rettar seg etter gyldige vedtekter, reglar og vedtak, eller er til skade for korpset sin aktivitet, kan styre suspendere for eit bestemt tidsrom. I grovare tilfelle kan årsmøtet vedta eksklusjon.

b) Vedtak om suspensjon og eksklusjon kan ankast inn for regionstyret.

§4 ÅRSMØTE

4.1 Status

Årsmøtet er Gloppen Janitsjar si høgaste myndigheit.

4.2 Årsmøteperiode, innkalling og saker til årsmøtet

a) Ordinært årsmøte skal haldast kvart år innan utgangen av februar.

b) Det skal kallast inn til ekstraordinært årsmøte dersom styret

c) eller 1/3 av medlemmane krev det.

d) Innkalling skal sendast ut minimum to veker før ordinært årsmøte, og ei veke før ekstraordinært årsmøte.

e) Årsmelding, revidert rekneskap, valkomiteen si innstilling og andre saker til behandling på årsmøtet skal sendast ut seinast ei veke for årsmøtet.

f) Medlemmar må fremme saker til årsmøtet gjennom styret. Slike saker må vere kome til styret seinast ei veke for årsmøtet skal haldast. Styret pliktar å leggje saker som kjem inn i rett tid fram for årsmøtet.

4.3 Representasjon, rettar og voteringar

a) På årsmøtet deltek korpset sine medlemmar og gjester invitert av styret.

b) Desse har stemmerett: Utøvande medlemmar som oppfyller sine medlemsplikter. Styremedlemmer i alle saker, unnateke ved handsaming av årsmelding og rekneskap.

c) Representantar for NMF har talerett. Årsmøtet kan gje talerett til den det matte ynskje.

d) Gyldig vedtak krev absolutt fleirtal (over halvparten av dei avgjevne stemmene) dersom noko anna ikkje er bestemt i vedtektene.

e) Årsmøtet er vedtaksført når minst halvparten av medlemmane er til stades.

4.4 Årsmøtet sin dagsorden

Årsmøtet skal behandle følgjande saker:

1) Konstituering

a) Opning

b) Namneopprop

Vedtekter Gloppen janitsjar

- c) Godkjenning av innkalling
 - d) Godkjenning av dagsorden/sakliste
 - e) Val av møteleiar
 - f) Val av årsmøterefereent
 - g) Val av to til å skrive under protokollen
- 2) Godkjenning av årsmelding
 - 3) Godkjenning av avslutta og revidert rekneskap med revisjonen sin merknad.
 - 5) Saker framsett av styret
 - 6) Saker framsett av medlemmar
 - 7) Kontingent
 - 8) Budsjett
 - 9) Val av styre som består av:
 - Leiar
 - Nestleiar - Kasserar - Sekretær
 - Styremedlem
 - 1 og 2. varamedlemAlle, med unntak av varamedlemene, vert valde for to år, men likevel slik at to eller tre vert valde kvart år.
 - 10) Val av to revisorar for eitt år.
 - 11) Val av tre medlemmar til valkomite for eitt år.
 - 12) Val av utsendingar til NMF avd. Sogn og Fjordane sitt 2-årige årsmøte
 - 13) Val av musikkutval
 - 14) Val av sosialkomite
- Valbare til verv er dei frammøtte representantane eller andre medlemmar som har sagt seg villig til å motta verv. Dei som skal veljast må ha gyldig medlemskap. Vala skal skje skriftleg dersom nokon krev det.

§5 STYRET

5.1 Samansetning

Styret består av: Leiar, nestleiar, kasserar, sekretær, styremedlem og varamedlemar.

5.2 Fullmakter

- a) Styret leiar korpset etter dei vedtak årsmøtet har gjort. Leiaren eller den styret gjev fullmakt teiknar korpset.
- b) Styret har fullmakt til å oppnemne dei utval og komitear det finn trong for.

- c) Styret har fullmakt til å revidere og utforme dei reglar og instruksar det er behov for i tilknytning til desse vedtektene og for å presisere og regulere korpset sitt ansvar og aktivitetar.

5.3 Innkalling til styremøte - vedtak

- a) Styret vert innkalla når leiaren eller tre styremedlemmar krev det
- b) Styret er vedtaksført når minst 3 medlemmar er til stades.
- c) Styrevedtak skal protokollførast og korpmedlemmane skal gjerast kjent med dei vedtak som er gjort.

5.4 Avslutning

Styret skal utarbeide årsmelding og avslutte rekneskapen for kvar årsmøteperiode. Årsmelding og revidert rekneskap skal leggast fram for årsmøtet til godkjenning.

5.5 Personalansvar

Styret føretek engasjement, tilsetjing, oppseiing og gjev avskjed og har fullmakt til å inngå løns- og arbeidsavtaler Styret er ansvarleg for å innhente politiattest for på dei som har tillits- eller ansvarstilhøve overfor mindreårige eller utviklingshemma. Styreleiar utøver dagleg personalansvar.

5.6 Beredskapsplan for korpset

Styret pliktar å forholde seg til beredskapsplan for korpset når korpset er på tur og deltek på arrangement.

§6 MEDLEMSMØTE

Medlemsmøtet er forum for informasjon og drøftingar og løysing av konflikter for korpset sine medlemmar. Det skal haldast medlemsmøte når styret eller korpset sine øvrige medlemmar ber om det.

§7 KOMITEAR

7.1 Revisjon

Revisjonen skal gjennomgå rekneskapen for kvart år og leggje fram revisjonsmelding for årsmøtet.

7.2 Valkomiteen:

Valkomiteen skal finne fram til valbare kandidatar til dei ulike tillitsverv slik det går fram av paragraf 4.4, og leggje komiteen si innstilling fram for årsmøtet.

§8 OPPLØYSING OG UTMELDING AV NMF

8.1 Oppløysing

Oppløysing av korpset kan berre gjerast av to påkvarandre følgjande ordinære årsmøte. Vedtaka krev 2/3 fleirtal i eit lovleg sett årsmøte.

8.2 Korpset sin midlar og aktiva

I tilfelle oppløysing, skal korpset sine midlar plasserast i bank på sperra renteberande konto som vert disponert av NMF avdeling Nordvest, kulturutvalet eller kulturskolen i kommunen til nytt korpset er oppretta, og som då overtek midlane. Korpset sine øvrige aktiva skal opp-bevarast på forsvarleg måte og disponerast på same måte som nemnd i første setning. Denne bestemmelsen gjeld ikkje ved samanslåing av korpset.

8.3 Overføring av midlar og aktiva

Det siste ordinære årsmøtet kan bestemme at korpset sine midlar og eigedom skal overførast til eit anna korpset, musikk-skule eller til musikkføremål i grunnskolen dersom nytt korpset ikkje reorganiserast innan tre år.

8.4 Utmelding av NMF

Ved utmelding av forbund må det gjerast vedtak på to påfølgjande årsmøte med minst ein månads mellomrom. Gyldig vedtak krev minst 2/3 fleirtal. Utmelding må skje innan 15.november for at den skal gjelde frå 1.januar neste år. Ved utmelding vert all rett til NMF sine verdiar, tapt.

§9 VEDTEKSENDRINGAR

Årsmøtet kan endre desse vedtektene med 2/3 fleirtal.

Er det usemje om korleis vedtektene skal forståast skal usemja leggast fram for regionstyret med forbundsstyret som ankeinstans.

Ikrafttreding:

Desse vedtektene gjeld frå 6. april 1991, dei er revidert i april 1995 og 2007, og sist endra på årsmøtet 1. februar 2013.

Referat frå årsmøtet 2017

Årsmøtet i Gloppen Janitsjar 2017 vart halde torsdag 9. februar kl. 2100 på Firda vidaregåande skule.

1. Opning

Martha ynskta velkomen. Spesiell takk til Geir for nok ei flott utgåve av årsmeldinga.

2. Konstituering

Namneopprop:

31 deltok og 9 medlemmer deltok ikkje på årsmøtet.

Godkjenning av innkalling: Innkalling godkjent.

Godkjenning av sakliste: Sakliste godkjent.

Val av møteleiari: Martha Sundal Engeland.

Val av møtesekretær: Linda Pupe Støyva

Val av to til å skrive under møteprotokollen saman med møteleiari: Bjørn Inge Solheim og Trond Haugen.

3. Årsmelding 2016

Årsmelding 2016 godkjent med fylgjande endringar: Ta bort siste setning i 4. avsnitt side 6. Skriv kven av medlemmane som er nye i 2016. Stryk Vebjørn Aske. Speleoversikt og repertoar år 2016, ikkje 2015. Stryk datoane med rein ekstraøving i februar. Ta med marsjrekkefylgja våren 2016, som var: Broadway, National Emblem March, Norsk turnermarsj, King Size, Norge i rødt, hvitt og blått, Den norske løve.

4. Rekneskap 2016

Rekneskap godkjent.

5. Årsmøtesaker

Heimesida. Framlegg frå styret vedteke.

Kommentarar: Korpset bør ha ei heimeside utanom Facebook. Sida vi har er lite besøkt og styret har ikkje vore tydelege på kva den skal innehalde. Sida må vere oppdatert. Geir, som har laga og styrer med denne sida, blir invitert på neste styremøte for å avklare innhald og oppdatering.

6. Arbeidsplan

Skulekorpsbasar i Hyen blir den 16. mars, ikkje 9. Skulekorpsbasar Sandane 19. mars. Felles musikalsk sesongavslutning med alle skulekorpsa. Litt lite på planen for hausten.

7. Kontingent

Styret sitt framlegg vart vedteke mot 1 stemme.

Kommentar: Feil tanke å auke kontingent, fellesskapet skal skaffe inntekter og ikkje bruke meir enn vi har.

8. Budsjett

Budsjett godkjent.

Andre kommentarar knytt til økonomi:

- Auken i kontingent er ikkje urimeleg, lite auke tidlegare, kontingenten er framleis lav om vi samanliknar oss med korps i Nordfjord.
- Bra å auke kontingent før kassa er tom.
- Vi bør ikkje sitje igjen med utgifter til buss julafta.
- Heller ein tur til «syden» enn å betale alle kostnadane med å delta i NM sjølv.
- Auke prisen pr. lodd til kr 20,-.
- Mobiltelefonbetaling v/lottdsal.
- Dersom janitsjaren kan stille ein del vakter til dugnad på Norsk Country Treff, vil det gi ca. 700,- til 1 000,- pr. vakt til korpskassa.
- Riktig og viktig å subsidiere elevane.

9. Val

Valnemnda sitt framlegg vart vedteke.

Styret si innstilling til valnemnd vart vedteken.

Jorunn, som vart valt til ny sekretær, og dei som tok attval, fekk applaus.

10. Avslutning

Leiar, Martha Sundal Søreide, takka medlemmane for oppmøtet. Takk og applaus til dirigent John Rune Ødven. Linda Pupe Støyva, som gjekk ut av styret, fekk blomster og takk med applaus.

Møtet slutt 2215.

Korrigeringsane som er nemnde, blir retta i endeleg utgåve av årsmelding 2016.

Sandane 10. februar 2017

GLOPPEN JANITSJAR

Linda Pupe Støyva
-sekretær-

Martha Sundal Engeland
-sign.-

Trond Haugen
-sign.-

Bjørn Inge Solheim
-sign.-

Vedlegg 3

Styremedlemmar etter år 2000 (Strek tyder at vedkomande ikkje var på val det året)

	2000	2001	2002	2003	2004	2005	2006	2007	2008	2009
Leiar	-	Bjørn Inge	-	Bjørn Inge	-	Martha	-	Martha	-	Bernt
Nestleiar	?	-	Ole Henrik	-	Ingrid	-	Ingrid	-	Gunnar	-
Kasserar	?	-	Linda	-	Linda	-	Vigdis	-	Reidun	-
Sekretær	-	Roar	-	Geir	-	Geir	-	Geir	-	Geir
Styremedlem	?	-	Øyvind	-	Eivind	-	Eivind	-	Eivind	-
1. vara			Margunn	Margunn	Margunn	Margunn	Ole Henrik	Ole Henrik	Ole Henrik	Ole Henrik
2. vara			Geir Skåden	Elin R Finstad	Elin R Finstad	Hanne	Hanne	Hanne	Eva	Eva

	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019
Leiar	-	Bernt	-	Bernt	-	Vigdis	Martha	-		
Nestleiar	Gunnar	-	Vigdis	-	Vigdis	Martha	Ingrid	-	-	
Kasserar	Reidun	-	Margunn	-	Margunn	-	Margunn	-		
Sekretær	-	Geir	-	Geir	-	Linda	-	Jorunn	-	
Styremedlem	Hanne	-	Hanne	-	Hanne	-	Reidunn	-		
1. vara	Ole Henrik	Ole Henrik	Ole Henrik	Ole Henrik	Ole Henrik	Olav	Martin	Martin		
2. vara	Eva	Arvid	Arvid	Linda	Linda	Ingrid	Gunnar	Gunnar		

NAMN PÅ LISTA: (Tal år i styret i perioden i parantes)

Bjørn Inge Solheim (4)
 Roar Henden (3)
 Ole Henrik Mølmann (11)
 Linda Pupe Støyva (8)
 Øyvind Gloppestad (3)

Margunn A Evebø (10)
 Geir Skåden (1)
 Geir Skagen (12)
 Elin Rønn Finstad (2)
 Ingrid Sundal Søreide (8)

Eivind Kjørvik (6)
 Martha S. Engesland (7)
 Vigdis Henden (4)
 Gunnar Eide (4)
 Reidun Kjørvik Førde (6)

Eva Holme (3)
 Bernt Reed (6)
 Hanne Lyngstad (6)
 Arvid Jordanger (2)
 Olav R. Myklebust (1)

Martin Eikeset Koren (2)
 Jorunn Kvernevik (2)

Denne slåtten er obligatorisk å kunne for medlemmar i Gloppen janitsjar, og vert sunge med stor innleving ved ulike høve, og alltid i festleg lag.

Teksten er skriven i løpet av eit ukjent tal flasker raudvin og diverser anna ei natt på Eide, og snikinnført i bussen på veg til eit korpsstemne på Bud tidleg i juni 2002.

Akkompagnert av enno fleire flasker raudvin og ulikt anna i nye seine nattetimar på stemnet vart den sjølvsagt ein umiddelbar suksess.

Melodien er adoptert frå songen «Heimvernslåten», som var B-sida på singelplata «Olkabilamo» som den på 60-talet populære Salhuskvintetten (ikkje til å forveksle med Salhusvinskvetten) gav ut i 1963. Singelen var den andre dei gav ut, og på A-sida var låten «Jektesamba». «Heimvernslåten» dukka opp att på samlinga «20 beste» frå 2000.



Mest kjende vart nok Salhuskvintetten med radiotravarane «Singel og sand», «Gryta hennar mor» og «Da ska' bli andre boller når papen kjem heim».

JANITSJARSLÅTTEN

*Gloppen janitsjar er beste korpset i verda
Vil du vera med så har du mykje å læra
Vals og tango, susamarsj i lag med nokre gamle gode stev
Dirigenten seier atte no må vi øve
Ikkje berre sitje dar å tøyse å tøve
Om ikkje lenge lenge skal vi vise vise vise ka vi kan*

*Hei hei hei heile korpset ut å gå i taktfast takt takt
Gamle gubbar unge møyer fint på rekkje rekkje rekkje å i rad
Bratt i nakkane ber vi våre hønn med tydleg stoltheit
Blåe jakker svarte bukser opp på haude der sit hua fint på snei*

*Heldigvis så er det meir enn ein gong i året
Vi er ut å går med desse trommene våre
Ralljande på skinna sine ratta-tatta-tatta-tatta-ta
Blanke pussa hønn og svarte lakrisstenge
Saxofon å bass og alt det hitt vi trenge
Gloppen Janitsjar i svart og blått i svart og blått ja det er flott*

*Hei hei hei heile korpset ut å gå i taktfast takt takt
Gamle gubbar unge møyer fint på rekkje rekkje rekkje å i rad
Bratt i nakkane ber vi våre hønn med tydleg stoltheit
Blåe jakker svarte bukser opp på haude der sit hua fint på snei*